



MOTTATT

30 SEPT 2015

Statens vegvesen
Region vestStatens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER2014095942 - 015
711 - 1234

Dykkar ref.:

Vår ref.: 11/425-6 Arkivkode: K2-Q12

Dato: 28.09.2015

Framtidig status på Rv. 13 - omklassifisering etter opning av ny veg

Viser til brev datert 24.07.2015 ang. omklassifisering av Rv-13 utanfor Jobergtunnelen, der ein ber om uttale frå Granvin herad før endeleg vedtak i departementet. Forslaget frå Statens Vegvesen er som følgjer:

“ Heile gamlevegen Rv 13 (Rt 13) frå krysset ved Seim i nord, gjennom Øvre Vassenden, til krysset ved Holven i sør vert nedklassifisert til kommunal veg og vert halden open som omkøyringsveg og for gåande og syklistar, men kan vera vinterstengd. Vedtaket om nedklassifisering vil vera gyldig frå det tidspunkt det vert sett trafikk på den nye vegen/traseen/tunnelen. “

Granvin herad er **sterkt** i mot at denne vegen skal verta kommunal. Heradet har i dag allereie 50 km veg å ta vare på og har i dag ikkje stort nok budsjett til å vedlikehalde desse på ein slik måte at dei ikkje forfell. Det er også heilt meiningslaust at heradet skal overta ein veg som vegvesenet også beskriv som svært rasfarleg, og halde denne open som omkøyringsveg/gang/sykkelveg. Heradet har verken midlar eller mannskap til å halde denne vegen i forsvarleg stand og ser for seg at det kan medføre store utgifter dersom det går større ras på vegen. Ein vil også etter kvart få utgifter med å vedlikehalda evt. nye rassikringstiltak, og vegbana generelt.

Granvin herad meiner at Statens Vegvesen må framleis stå som eigar av denne traseen dersom dei ønskjer å halde den open som omkøyringsveg. Alternativ er å stenge denne vegen heilt for både gåande/syklende og køyrande.

Med helsing

Asbjørn Helleve

Einingsleiar teknisk drift

Direkte innval: 56 52 40 32



Hordanger

Postadresse:Postboks 13
5733 Granvin**Internettside:**

www.granvin.kommune.no

Telefon:

56 52 40 00

Org.nr.:

844162502

Telefaks:

56 52 40 01

Bankontonr.:

6501 05 67305

E-post:

postmottak@granvin.kommune.no

Postgirokontonr.:

0803 5786504